

EVINY FORNYBAR AS
Postboks 7050
5020 BERGEN

Vår dato: 07.04.2024

Vår ref.: 202403713-9 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 1051-1264738543-94062

NVE gir løyve til mellombels senking av vasstand for Trollavatnet i Sunnfjord kommune, Vestland fylke

Vi viser til søknad av 13.02.2024 frå Eviny Fornybar om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for senking av vasstand i Trollavatnet.

Om søknaden

Trollavatnet ligg i Sunnfjord kommune, og er reguleringsmagasin for Kjøsnesfjorden kraftverk. Kraftverket vart sett i drift i 2010.

Eviny Fornybar søker om å mellombels fråvika sommar-LRV fastsett i kgl.res. av 17.04.2009. Manøvreringsreglementet fastset at alt tilsig frå nedbørsfelt til Trollavatnet og bekkeinntak nordover til Litlebredalen skal brukast til oppfylling av magasinet frå 15. april, til Trollavatnet når kote 999,9. Magasinet skal ikkje senkast under kote 999,9 før etter 1. oktober.

For å halda ved lag krav fastsett i damsikkerhetsforskriften, skal Eviny Fornybar utføra nødvendig tilsyn på hovuddam og sperredam i Trollavatnet. Dei vil samtidig leggja ut nytt utstyr for vasstandsmåling i magasinet.

Dei søker derfor om å halda Trollavatnet ned mot LRV (kote 968,4) i perioden 15.april-1.oktober 2024.

Høyring

På grunn av det avgrensa omfanget i saka har ho ikkje vore kunngjort lokalt. NVE har vore i kontakt med lokale styresmakter for å få deira syn på saka. Sunnfjord kommune ga innspel om å sende saka på høyring til friluftslivsorganisasjonar. NVE sendte saka på høyring til Indre Sunnfjord turlag, DNT Sogn og Fjordane og Lunde turiststasjon. NVE meiner at saka er tilstrekkeleg klargjord gjennom høyringa.

Fråsegna er forkorta av NVE. Fullstendige fråsegn er tilgjengelege via offentleg postjournal og/eller på nettsida til saka: www.nve.no/9313/V.

Sunnfjord kommune uttalar i brev av 14.03.2024:



«Sunnfjord kommune ser at dette tiltaket er naudsynt for å stette krav i damsikkerhetsforskrift og for å utføre tilsyn og vedlikehald.

Trollavatnet ligg i eit svært viktig friluftsområde, nær Jostedalsbreen nasjonalpark. Den populære turstien opp Lundaskaret går forbi vatnet, og det vert, som omtalt i søknaden slik at turopplevinga vil bli negativt påverka av at reguleringssona blir tørrlagt i årets tursesong. Samstundes vil kloppene på turstien ved senka vasstand vere sikra mot overlaup, noko som i periodar har medført problem for turgåarar.

Sunnfjord kommune ser det som særst positivt at det ut frå søknad er planlagt å utbetre (heve) desse kloppene i same perioden, no sommaren 2024.

Sunnfjord kommune meiner elles at ut frå turinteressene knytt til turstien i Lundaskaret, så bør andre partar også få høve til å uttale seg/varslast. Vi veit blant anna om desse organisasjonane/verksemdene: Indre Sunnfjord turlag, DNT Sogn og fjordane og Lunde turiststasjon som har interesser i turstien i Lundaskaret.

Vi ser at det i søknad (Kap 5 konsekvensar for miljø og landskap) står at det ikkje er fisk i Trollavatnet. Ut frå vår kjennskap, så skal det vere fisk i Trollavatnet»

Statsforvaltaren i Vestland uttalar i brev av 13.03.2024:

«Tiltaket er nødvendig for å kunne stette krav i damsikkerhetsforskrifta om å utføre nødvendig tilsyn på hovuddam og sperredam. Det må akseptast noko mellombels ulempe for allmenne interesser, men eventuell negativ påverknad bør minimerast så langt som råd.

Trollavatnet ligg i eit svært viktig friluftsområde, nær Jostedalsbreen nasjonalpark. Den populære turstien opp Lundaskaret går forbi vatnet, og det er omtalt i søknaden at turopplevinga vil bli negativt påverka av at reguleringssona blir tørrlagt i årets tursesong. Dette ser ut til å vere ein uunngåeleg konsekvens av krava i sikkerhetsforskrifta for reguleringsdammar. Vi legg til grunn at nedtapping og oppfylling skjer slik at ulempa blir så liten som mogleg.

Sidan saka berre er på avgrensa høyring, vil vi påpeike at turinteressene og lokal næringsverksemd knytt til turstien forbi Trollavatnet må informerast om nedtappinga.

Utover dette har vi ikkje merknader til søknaden.»

Vestland fylkeskommune uttalar i brev av 21.03.2024:

«Kulturminne og kulturmiljø

Vestland fylkeskommune som regional kulturminnemynde, har ingen vesentlege kulturminnefaglege merknader til søknaden.

Fysisk aktivitet og inkludering

Det er positivt at Eviny skal leggja nye kloppar som tåler meir vatn/overlöp.

Vassmiljø og fisk



Trollavatnet er ein sterkt modifisert vassførekomst med godt potensiale. Det vil seie at tilstanden er vurdert å vere så god som den kan bli ut i frå at det er ein regulert innsjø. I følgje [Konsekvensutgreiing Kjøsnesfjorden kraftverk – fisk og fiske](#) frå år 2000 går det fram at det ikkje er reproduksjon av fisk i Trollavatnet. I 2009 vart det gjeve løyve til å sette ut fisk i vatnet, og kommunen skriv i si fråsegn at det ut i frå deira kjennskap skal vere fisk i Trollavatnet.

Sidan det er søkt om å halde magasinet ned mot LRV, og ikkje under, venter vi ikkje vesentlege konsekvensar for vassmiljø, fisk og andre ferskvassorganismar. Dersom tiltaket vert utført skånsamt venter vi heller ikkje at miljøtilstanden i magasinet eller vassdraget nedstraums vil bli redusert.»

Indre Sunnfjord Turlag uttalar i e-post av 25.03.2024:

«Området er mykje brukt friluftsområde, særleg frå juli månad og utover. Så langt vi forstår vil det planlagte arbeidet ikkje hindre bruken av området til friluftsføremål. Vi vil også peike på at det vil vere positivt for vår bruk i området at det vert montert nye bruer, og at desse vert heva noko. Vi kan elles legge til at vi har sett opp organisert tur Lunde-Fjærland laurdag 17.august.»

Eviny Fornybar har kommentert på fråsegnene i brev av 04.04.2024:

«Eviny viser til høringsuttalelse fra Sunnfjord kommune hvor det blir påpekt at det er fisk i Trollavatnet.

Trollavatnet er et vatn som var naturlig fisketomt. Det ble satt ut fisk på 1960-tallet, og de siste fangstene ble gjort på 1980-tallet. I forbindelse med utbyggingen av Kjøsnesfjorden kraftverk, søkte noen grunneiere om å sette ut fisk i Trollavatnet og fikk tillatelse til dette. Grunneierne fikk tillatelse til å benytte anleggsveien for å lette tilkomst for utsetting.

Konsekvensutredningen som ble gjort før utbyggingen av Kjøsnesfjorden kraftverk, viser at forholdene ikke ligger til rette for reproduksjon av aure i Trollavatnet. Det er ingen gytemulighet, og en antar at temperaturen er for lav for eventuell klekking. Regulering vil også hindre eventuell innsjøgyting.

Ut fra dette vil en anta at de fiskene som ble satt ut i 2009 etter hvert enten er fisket ut, eller er en utdøende bestand. Vannet var naturlig fisketomt, og bør igjen bli fisketomt.

Eviny registrerer ellers at det fra høringspartene uttrykkes forståelse for de myndighetspålagte kravene vi er pålagt å stette, og vi vil som nevnt i søknaden tilstrebe å gjøre perioden med nedtapping så kort som mulig.»

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til å fråvike eit manøvreringsreglement etter vassressurslova § 8 når formålet er nødvendig reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket fell etter vårt syn inn under dette formålet.



Trollavatnet har to fyllingsdammar som ligg nord-vest i magasinet, ein hovuddam og ein sperredam. Damsikkerhetsforskriften stiller krav om revurdering av dammane etter 15 år, som for Trollheimen er i år 2025. I samband med revurderinga må det gjennomførast ein inspeksjon av vassidane av fyllingsdammane. Eviny Fornybar har tidlegare prøvd å nytta undervassrobot (ROV) i Trollavatnet. Dei meiner det ikkje er mogleg å gjennomføra kravpålagd inspeksjon ved bruk av denne teknologien, då roboten kvervlar opp silt på botnen som fører til svært dårleg sikt. Vasstanden må derfor senkast.

Eviny Fornybar la ut ny vasstandssensor i Trollavatnet i 2023, og i løpet av året blei det brot på kabelen. Dei meiner den einaste måten å sikra kabel i issona av magasinet mot framtidige skadar frå is og bølger, er å halda magasinet nede fram til is- og snøforholda tillèt å gjennomføra arbeidet. NVE meiner det er fordelaktig at vasstandssensoren blir etablert samtidig som nødvendig inspeksjon gjennomførast.

Eviny Fornybar vil tilpassa manøvreringa til tilsigssituasjonen. Dette inneber at det kan hende perioden med fråvik frå reglementet byrjar noko seinare enn 15. april. Arbeidet vil gjennomførast etter isen forsvinn, sannsynlegvis frå 1. august. Eviny Fornybar forventar at arbeidet tek tre veker. Basert på tilsigsdata frå dei siste åra, forventar dei at det tek mellom fire og ti veker å fylla opp magasinet til sommar-LRV etter arbeidet er utført. NVE kan stilla vilkår om at perioden for fråvik skal gjerast så kort som mogleg.

Friluftsliv

Trollavatnet ligg innanfor Lundeskaret, som er eit svært viktig friluftsområde. Trollavatnet ligg også heilt på grensa til Jostedalsbreen nasjonalpark. Frå Lunde turisthytte går det ein populær tursti opp Lundeskaret. Denne blir mykje brukt på seinsommaren etter snøen har smelta, frå midten/slutten av juli og ut september. Stien kryssar Lundeelva, som renn frå Trollavatnet og ut i Jølstervatn. Det er etablert klopper på turstien, og ved mykje overløp er det ikkje mogleg å ferdast trygt over desse kloppene. Eviny Fornybar skal byggja nye klopper som skal hevast, slik at turgåarar kan kryssa elva i periodar med større overløp. Desse er planlagde bygde sommaren 2024, og Eviny viser til at senking av magasinet er fordelaktig for å sikra trygge arbeidsforhold ved bygging av kloppene. Høyringspartane er positive til at det skal leggjast nye klopper. NVE reknar det som positivt at dette arbeidet er lagt i same periode som arbeidet med dammane.

Senking av magasinet vil redusera opplevingsverdien noko, ved at reguleringssona blir eksponert. Restriksjonen med sommar-LRV i manøvreringsreglementet er i hovudsak grunngitt i friluftssyn. Eviny Fornybar meiner denne tørrlegginga ikkje vil bli så framstående, ettersom det er mykje bart fjell rundt magasinet. NVE legg vekt på at tiltaket er av mellombels karakter, og meiner tiltaket har akseptable konsekvensar for friluftsliv. Ved løyve kan NVE stille vilkår om at ramma partar, som turinteressene og lokal næringsverksemd knytt til turstien, skal informerast om tiltaket.

Naturmangfald

Kommunen har kjennskap til at det er noko fisk i Trollavatnet. NVE er semde med Vestland fylkeskommune sin vurdering av at tiltaket ikkje vil ha vesentleg påverknad på vassmiljø, fisk og andre ferskvassorganismar. Det er registrert flaumskogmark av stor verdi ved nedre delar av Lundeelva, og kystfloke har status som nær trua i raudlista. Desse kan bli påverka



av redusert flaumvassføring. Det er naturleg at tilsig og storleiken på flaumar varierer frå år til år. NVE meiner at redusert flaumvassføring i ein avgrensa periode ikkje vil ha vesentleg påverknad på vasstilknyttade naturtypar og artar i området.

Den nord-vestre delen av magasinet, der dammane ligg, grensar til Sunnfjord villreinområde. Dette blir nytta som sommar- og haustbeite. NVE kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til negative konsekvensar for villreinen.

NVE meiner at vurderingane er i tråd med prinsippa i naturmangfaldslova som skal varetakast når vedtak treffest, jf. naturmangfaldslova §§ 8-12. NVE vil i samband med dette påpeike at tiltaket er mellombels og naudsemd for å oppfølgje krav etter damsikkerhetsforskriften. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldslova §§ 4 og 5.

NVE kan ikkje sjå at mellombels fråvik frå sommar-LRV i Trollavatnet er til skade for nokon kjende allmenne interesser.

Konklusjon

NVE gir løyve til at Eviny Fornybar AS kan fråvike sommar-LRV for Trollavatnet i perioden 15.04.2024-01.10.2024.

Løyvet er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

Løyvet blir gitt på følgjande vilkår:

- Alle vasstandsendingar skal skje gradvis.
- Det skal førast protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden er under sommar-LRV. Det skal meldast frå til NVE når tiltaket er gjennomført.
- Perioden med vasstand under sommar-LRV må gjerast så kort som mogleg. Oppfylling til normal vasstand skal skje så raskt som mogleg etter at arbeida er avslutta.
- Instrumentering for registrering av vasstand inntil 0,5 m under LRV skal etablerast samtidig med at magasinet likevel er nedtappa, dersom slikt utstyr ikkje allereie er etablert. Jf. punkt 4.5 i retningslinjer av 20.06.2016 for registrering av vasstand i reguleringsmagasin.
- Ramma partar skal bli kontakta direkte for å bli informerte om tiltaket. Informasjon om tiltaket skal i tillegg publiserast på relevante nettsider, som nettsida til selskapet og sosiale medium. Det blir vidare bede om at kommunen blir kontakta for å leggje ut informasjon om tiltaket på nettsidene deira.
- NVE føreset at Eviny Fornybar AS har ordna dei privatrettslege forholda som eventuelt måtte bli skadelidande av tiltaket.

Om klage og klagerett

Sjå eige vedlegg om klagegang.



Med helsing

Carsten Stig Jensen
konsesjonsansvarlig

Brit T. Haugen
fagleder

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

EVINY FORNYBAR AS

Kopimottakarliste:

Indre Sunnfjord Turlag
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
SUNNFJORD KOMMUNE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.